

Velkommen til kretscupen i alpint 2025

Hordaland skikrets inviterer til kretscup og puljepllasseringsrenn for inneverande sesong

Renn og poeng i cupen

SG x 2 (Ål-samling i januar)

SL x 4 (Bavalls-, Ternes- Samnanger- (kveldsrenn) og Fanarennet frå januar til mars)

SSL x 3 (Bavalls-, Ternes- og Fanarennet frå januar til mars)

Deltaking på 5 individuelle renn gjev deltakarpremiering (ein må delta på tre av fire helger for å få samanlagtpremie for cupen). For U12 og eldre er det dei 5 beste renna som tel i cupen. Samanlagtlista vert oppdatert etter kvar kretsrennshelg, der ein etter kvart får fjerna dei dårligaste poengrenna når ein har passert 5 renn.

For U10 og yngre, vert det ikkje poeng, men ein får ein flott fullført Kretcupen premie om ein gjennomfører 5 renn. Renna vert registrert fortløpande, slik at ein kan følgje med på kor mange renn ein må gjennomføre før ein får 5 renn og altså får fullført premie! Første mulighet for U10 vert Bavallsrennet i januar. Der har U10 moglegheita til å gjennomføre to teljande deltakingar på opningsdagen, laurdagen.

Poengskala og regelsett for kretscupen U12-16

Plassering	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	DNF	DNS
Poeng	100	80	60	50	45	40	36	32	29	26	24	22	20	20	0

Det er totalt 9 renn med lik poengverdi i totalcupen. Poengsystemet er henta frå FIS World Cup med tillegg av poeng for start med utkøyring eller disk. Start i to omgangar med utkøyring eller disk gjev 20 poeng. Løparar som kører ut eller vert diskvalifisert i førsteomgang får stille i andreomgang.

Kretscupen er ein samanlagtcup for alle disciplinar. Løparen med den høgste pengesummen i fem teljande renn i kvar klasse vinn kretscupen samanlagt. Dei lågaste poengsummane frå einskildrenn per deltakar vert strokne ved deltaking i meir enn fem renn. Frå og med renn nr 2 i sesongen etablerer ein at klasseleiarane i klassane J/G U12-16, totalt 6 klassar, startar med gule leiartrøyer (unummererte reklametrøyer). Klubbane står fritt til å nytte eigne startnummer med eigne sponsorar for alle andre deltakarar enn klasseleiarane som skal køyre med gul leiartrøye. Målsettinga med gultrøyene er å gjere det litt ekstra stas å vere klasseleiar og samstundes kunne fremje evt. kretssponsorar på dei gule trøyene.

Puljepllassering til nasjonale renn for U14-16, Telenorlekene og Hovudlandsrennet, vert gjord utifrå samanlagt poengsum i kretscupen *per disiplin*. Per disiplin er det totalt to teljande puljepllasseringsrenn i super-G, tre renn i storslalåm og fire renn i slalåm). Høgste samla poengsum i aktuelle disciplin får prioritet til pulje 1 osv. Ved lik poengsum mellom fleire løparar, får løparen med best plassering i KM i den aktuelle disciplinen den prioriterte puljepllasseringa for Telenorleikane eller Hovudlandsrennet. Dersom ein står med likt resultat også i KM i aktuelle disciplin, vert endeleg puljepllassering avgjord ved loddtrekking. For uttak til kretslag «Team event» i parallelslalåm på Telenorlekene og Hovudlandsrennet, vert ein jente- og ein gutteløpar per årsklasse teke ut utifrå høgste samla poengsum i slalåm og storslalåm i kretscupen. Ved poenglikhet mellom løparar nyttar ein reglane som for individuell puljepllassering over, med beste plassering i KM og evt. loddtrekking for å avgjere endeleg uttak.